

Eksamen

19.05.2023

NOR1212 Norsk sidemål
NOR1232 Norsk sidemål



Sjå eksamenstips på baksida!
Se eksamenstips på baksiden!

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timar.
Hjelpemiddel	Hjelpemiddel er til dømes faglitteratur, ordbøker og kalkulator. Du kan bruke hjelpemiddel, med nokre unntak: <ul style="list-style-type: none">• Du har berre tilgang til nokre utvalde nettressursar.• Du kan ikkje bruke omsetjingsprogram.• Du kan ikkje bruke hjelpemiddel som gjer det mogeleg å kommunisere. Det betyr at du ikkje kan bruke mobiltelefon, programvare for samskriving, chat eller liknande.• Du kan ikkje bruke automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarende teknologi.
Bruk av kjelder	Du må føre opp eventuelle kjelder du bruker i svaret ditt, slik at sensor kan finne fram til dei. Det inneber at du må skrive <ul style="list-style-type: none">• namn på forfattar og tittel på bøker og andre skriftlege kjelder• nettadresse og dato for når du henta informasjonen frå internett Eksamenssvaret ditt blir kontrollert for plagiat. Dersom du ikkje har ført opp kjelder du har brukt, kan det påverke vurderinga av svaret ditt.
Informasjon om oppgåva	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det tre oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
Vedlegg	Garborg, Arne: <i>Bondestudentar</i> . Først publisert i 1883. Oslo: Aschehoug, 2018. Utdrag, språkleg tilrettelagd. Kyed, Linn-Jeanethe: <i>Rådebank, hele fortellingen</i> . Oslo: J.M.Stenersens forlag, 2022. Utdrag. Refseth, Johanne: «Terapien i elgjakta, en bloggpost om hva det å heles egentlig handler om». Instagram 04.12.2022 Sonstad, Klaus: «Tilfeldig bruk av random». <i>Språksnakk</i> 15.04.2022, Språksnakk - NRK Radio (nedlasting 06.12.2022). Utdrag, skriftleg versjon ved Utdanningsdirektoratet. Vika, Mikkel: «Sylvanian Family». <i>Til hundene</i> . Oslo: Vigmostad Bjørke, 2022
Informasjon om vurderinga	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- Johanne S. Refseth/ @psykolog.med.rovepose: «Terapien i elgjakta, en bloggpost om hva det å heles egentlig handler om», Instagram 04.12.2022.

Gjer kort greie for det du meiner er formålet med den samansette teksten, og forklar korleis etos og patos er brukt.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i den samansette teksten. Du skal bruke relevant fagspråk og eksempel frå vedlegget.

Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

Oppgåve 1

Vedlegg:

- Arne Garborg: *Bondestudentar*, utdrag, 1883
- Linn-Jeanethe Kyed: *Rådebank, hele fortellingen*, utdrag, 2022. Boka er manuset til TV-serien *Rådebank*.

Samanlikn dei to tekstvedlegga, og reflekter over kva for verdiar i samfunnet som påverkar vala dei unge mennene tar.

Kommentar: Du skal samanlikne både form og innhald i dei vedlagde tekstane. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempel frå vedlegga. Når du reflekterer, skal du bruke kunnskap om tida tekstane er skrivne i.

Oppgåve 2 og 3 står på neste side.

Oppgåve 2

Vedlegg:

- «Tilfeldig bruk av random» frå Språksnakk, NRK Radio 15.april 2022

I den vedlagde teksten samtalar programleiar Klaus Sonstad med språkforskar Anne Dahl om bruken av det engelske ordet «random» i norsk.

Skriv ein resonnerande tekst der du gjer kort greie for korleis engelsk har påverka talespråket og drøftar i kva grad denne utviklinga kan endre den språklege identiteten i Noreg. Bruk eksempel frå vedlegget.

Kommentar: Du skal bruke kunnskap om forhold som påverkar utviklinga av talespråket. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempel frå vedlegget.

Oppgåve 3

Vedlegg:

- «Sylvanian Family» av Mikkel Vika, 2022

Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald og bruke relevant fagspråk. Bruk konkrete eksempel frå novella når du skriv.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpemidler	<p>Hjelpemidler er for eksempel faglitteratur, ordbøker og kalkulator. Du kan bruke hjelpemidler, med noen unntak:</p> <ul style="list-style-type: none">• Du har bare tilgang til noen utvalgte nettressurser.• Du kan ikke bruke oversettelsesprogrammer.• Du kan ikke bruke hjelpemidler som gjør det mulig å kommunisere. Det betyr at du ikke kan bruke mobiltelefon, programvare for samskriving, chat eller lignende.• Du kan ikke bruke automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarende teknologi.
Bruk av kilder	<p>Du må oppgi eventuelle kilder du bruker i svaret ditt, slik at sensor kan finne fram til dem. Det innebærer at du må skrive</p> <ul style="list-style-type: none">• navn på forfatter og tittel på bøker og andre skriftlige kilder• nettadresse og dato for når du hentet informasjonen fra internett <p>Eksamenssvaret ditt blir kontrollert for plagiat. Hvis du ikke har oppgitt kilder du har brukt, kan det påvirke vurderingen av svaret ditt.</p>
Informasjon om oppgaven	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det tre oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
Vedlegg	<p>Garborg, Arne: <i>Bondestudentar</i> (utdrag). Først publisert i 1883. Oslo: Aschehoug, 2018. Språklig tilrettelagt.</p> <p>Kyed, Linn-Jeanethe: <i>Rådebank, hele fortellingen</i>. Oslo: J.M.Stenersens forlag, 2022. Utdrag.</p> <p>Refseth, Johanne: «Terapien i elgjakta, en bloggpost om hva det å heles egentlig handler om». Instagram 04.12.2022</p> <p>Sonstad, Klaus: «Tilfeldig bruk av random». <i>Språksnakk</i> 15.04.2022. Språksnakk - NRK Radio (nedlasting 06.12.2022). Utdrag, skriftlig versjon ved Utdanningsdirektoratet.</p> <p>Vika, Mikkel: «Sylvanian Family». <i>Til hundene</i>. Oslo: Vigmostad Bjørke, 2022</p>
Informasjon om vurderingen	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- Johanne S. Refseth/ @psykolog.med.sovepose: «Terapien i elgjakta, en bloggpost om hva det å heles egentlig handler om», Instagram 04.12.2022.

Gjør kort greie for det du mener er formålet med den sammensatte teksten, og forklar hvordan etos og patos er brukt.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i den sammensatte teksten. Du skal bruke relevant fagspråk og eksempler fra vedlegget.

Del B Langsvarsoppgaver

Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

Oppgave 1

Vedlegg:

- Arne Garborg: *Bondestudentar*, utdrag, 1883
- Linn-Jeanethe Kyed: *Rådebank, hele fortellingen*, utdrag, 2022. Boka er manuset til TV-serien *Rådebank*.

Sammenlign de to tekstvedleggene, og reflekter over hvilke verdier i samfunnet som påvirker valgene de unge mennene tar.

Kommentar: Du skal sammenligne både form og innhold i de vedlagte tekstene. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempler fra vedleggene. Når du reflekterer, skal du bruke kunnskap om tida tekstene er skrevet i.

Oppgave 2

Vedlegg:

- «Tilfeldig bruk av random» fra Språksnakk, NRK Radio 15.april 2022

I den vedlagte teksten samtaler programleder Klaus Sonstad med språkforsker Anne Dahl om bruken av det engelske ordet «random» i norsk.

Skriv en resonnerende tekst der du gjør kort greie for hvordan engelsk har påvirket talespråket og drøfter i hvilken grad denne utviklinga kan endre den språklige identiteten i Norge. Bruk eksempler fra vedlegget.

Kommentar: Du skal bruke kunnskap om forhold som påvirker utviklingen av talespråket. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempler fra vedlegget.

Oppgave 3


Vedlegg:

- «Sylvanian Family» av Mikkel Vika, 2022

Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald og bruke relevant fagspråk. Bruk konkrete eksempler fra novella når du skriver.

Terapien i elgjakta



psykolog.med.rovepose

1 848 liker

psykolog.med.rovepose. Mange spør meg om man kan være sin egen terapeut. Sannheten er at du sannsynligvis er noens terapeut, inkl. din egen, allerede. For terapi er ikke noe vi har oppfunnet, noe helt nytt som har oppstått nå etter at vi fikk et fag som het psykologi.

Terapi er egentlig en etterligning av en naturlig prosess, nemlig en helende samtale med en annen. Saken er at vi mennesker kan hele i møtet med hverandre, i møtet med hverandres opplevelser og følelser. Når den ene lytter og den andre deler og når den felles opplevelsen av at den andre forstår sniker seg inn.

Og den følelsen kan like gjerne oppstå rundt kaffebålet i elgjakta, i en samtale med få ord mellom gamle venner, som den kan oppstå i et terapirom.

Det kan være en lang samtale eller det kan være et blikk, en hånd på en skulder eller noe annet som viser at den andre skjønner hva som beveger seg på innsiden din.

Problemet for oss mennesker, er når det skjer ting i livene våre som gjør at den helingsprosessen ikke skjer av seg selv lenger. Når følelser blir ubehag i kroppen, muskelspenning, kvalme, stress, eller uklart hode. Når vi igjen unngår dette ubehaget ved å scrolle, drikke, kritisere oss selv, bekymre oss, tvile på enhver beslutning eller bare la være å gå for det vi gjerne vil.

Jeg har skrevet en bok om å heles som menneske. En bok om hvordan vi mister oss selv og hvordan vi kan finne tilbake. Om den urgamle helingen,ålet, naturen, timevis på vandring, hvordan det gjør noe av det samme som terapien forsøker å gjøre. Du kan kjøpe en personlig signert kopi på @arkbokhandel (link i bio). Den passer til alle aldre og funker både for utefolk og folk som er mest interessert i psykologi og selvutvikling. Og for folk som vil sove ute alene for første gang.

(Teksten i illustrasjonen er gjengitt her)

TERAPIEN I ELGJAKTA, EN BLOGGPOST OM HVA DET Å HELES EGENTLIG HANDLER OM.

psykolog.med.rovepose. Mange spør meg om man kan være sin egen terapeut. Sannheten er at du sannsynligvis er noens terapeut, inkl. din egen, allerede. For terapi er ikke noe vi har oppfunnet, noe helt nytt som har oppstått nå etter at vi fikk et fag som het psykologi.

Terapi er egentlig en etterligning av en naturlig prosess, nemlig en helende samtale med en annen. Saken er at vi mennesker kan hele i møtet med hverandre, i møtet med hverandres opplevelser og følelser. Når den ene lytter og den andre deler og når den felles opplevelsen av at den andre forstår sniker seg inn.

Og den følelsen kan like gjerne oppstå rundt kaffebålet i elgjakta, i en samtale med få ord mellom gamle venner, som den kan oppstå i et terapirom.

Det kan være en lang samtale eller det kan være et blikk, en hånd på en skulder eller noe annet som viser at den andre skjønner hva som beveger seg på innsiden din.

Problemet for oss mennesker, er når det skjer ting i livene våre som gjør at den helingsprosessen ikke skjer av seg selv lenger. Når følelser blir ubehag i kroppen, muskelspenning, kvalme, stress, eller uklart hode. Når vi igjen unngår dette ubehaget ved å scrolle, drikke, kritisere oss selv, bekymre oss, tvile på enhver beslutning eller bare la være å gå for det vi gjerne vil.

Jeg har skrevet en bok om å heles som menneske. En bok om hvordan vi mister oss selv og hvordan vi kan finne tilbake. Om den urgamle helingen,ålet, naturen, timevis på vandring, hvordan det gjør noe av det samme som terapien forsøker å gjøre. Du kan kjøpe en personlig signert kopi på @arkbokhandel (link i bio). Den passer til alle aldre og funker både for utefolk og folk som er mest interessert i psykologi og selvutvikling. Og for folk som vil sove ute alene for første gang.

Bondestudentar

Hovudpersonen i *Bondestudentar* er Daniel Braut, ein skuleflink gut frå små kår på Jæren, som etter kvart får høve til å utdanne seg til prest. I utdraget under møter vi foreldra til Daniel, Ole Johannes og Mari. Fram til no har Daniel fått privatundervisning, men foreldra ønskjer å sende han på skule i byen.

Den nye kapellanen kom. Det var ein liten raudbleik kar med lyst hår og raudt skjegg; det fyrste han gjorde var å gjera seg kjend med dei som var frelst. Då Ole Johannes tala med han om Daniel, svara han snøgt, at han skulle skrive til rektor ved latinskulen og få alle naudsynlege opplysningar; sjølv var han redd han fekk så mykje å gjera i kyrkjelyden, at han ikkje fekk stunder til «privatundervisning».

Ole Johannes sa takk. Ville presten høyre etter om prisen, og om kor lenge dei måtte gå på den skulen, så var det svært snilt. Men – Ole Johannes kom endå ein gong opp med sin store, gamle tvil –: *trudde* presten at det kunne nytte å halde guten i så høge skular? *Var* det råd for ein simpel bondeson å koma så høgt opp? Kapellanen smilte og sa, at me hadde bondegutar som var *bispar*. Då tagna Ole Johannes. Men store draumar sveiv fram for synet hans; den som ikkje våga, han ikkje vann ...

Frå rektor fekk dei «alle naudsynlege opplysningar». Daniel kunne koma inn i tredje latinklasse, kan hende. Det let seg altså *kanskje* gjera på tre år. Og skulepengane var ikkje store. Dessutan var det von om friplass, når guten hadde vore på skulen eit års tid. Dette syntest Ole Johannes ikkje var så ille enda. Særleg lika han det om friplassen. Og når så guten budde hjå Hans Nerstad, og dei sjølve hjelpte han med det meste av det han trong til mat, så vart det vel ikkje så mykje dyrare. Det same meinte Mari. Pengar laut ein låne; det sa seg sjølv. Men dei fekk guten sjølv betala når han kom i arbeid. –

Så vart løysinga den, at Ole Johannes gjekk ned til storhandlaren på Neset, han Jens i Larsebakken eller Jens Bakke som han skreiv seg, og lånte pengar, så han kunne få son sin på byskulen. Og no meinte Daniel han hadde vunne.

For det fyrste skulle han få koma ut. Og for det andre skulle han få koma til byen. Han hadde ikkje vore mange gonger der. Men han hadde vore der så mykje at han visste kvar byen var. Med sine høge tårn, med sine fagre hus i lange, lysande rader, med strålande krambuer fulle av alt som gildt var, med hagar og tre, med stolte, fine folk som gjekk og strauk på gata i gull og silke og blanke sko [...]

Og no skulle han få vera i byen. Ikkje ein dag, ikkje to dagar, men år; og han skulle sjølv vera bygut. Fint kledd skulle han dagstøtt gå og spenne i dei stolte steinsette gatene og sjå på stas og ståk og liv og gilde krambuer og på hamna store skip, med segl så vide som havreåkrar, og med master så høge som kyrkjetårn.

[...] Endelaust mykje stort skulle han koma opp i; no fyrst tok livet til; han var den sælaste bondeguten på jorda.

Av Arne Garborg, 1883. Språkleg modernisert.

Friplass: gratis plass for Daniel. **Sælaste:** mest lykkelege/lykkelige.

Rådebank

Serien *Rådebank* gjekk tre sesongar på NRK og handlar om ein vennegjeng som er rånarar i Bø i Telemark. Serien framstiller bilkulturen og tek opp ulike tema, som vennskap, kjærleikssorg og kjærleiken til bilen og bygda. GT (Glenn-Tore) og Sivert er sentrale personar i gjengen.

1.1.4 I GARASJEN TIL GT – DAG

Countrymusikken fra scene 1 spilles fra bilanlegget til GT. GT står lent over motoren på den røde Volvoen sin med en konsentrert mine. Han ser sliten ut, men stemningen er tilsynelatende god. Sivert, som har et par fargerike solbriller hengende fra halsen på genseren sin, sitter i førersetet og er i ferd med å montere noen ledlys inne i bilen.

SIVERT Jeg vurderer å selge kjerra. Tror jeg kan få 20 lapper, kanskje mer.

GT Du kan få MYE mer, men hvorfor selge grombilen, sikler du på ny?

SIVERT Nei, egentlig ikke. Tenkte bare det hadde vært digg med litt ekstra cash dollars. Jeg er ikke helt skrapa, lissom, men det nærmer seg, med stormskritt.

GT Hvordan er det mulig å være blakk når du bor hjemme og faren din betaler alt for deg?

SIVERT Han betaler ikke alt.

GT Jeg må fikse all dritten min sjøl, jeg, likevel har jeg penger igjen på kontoen i slutten av måneden.

SIVERT Du har fast jobb, da.

GT Du kunne vært lærling nå, men det var du for fin for.

SIVERT For fin? Mopeeeeeed, ass!

GT Hadde du valgt å ta fagbrevet som elektriker istedenfor å gå mer skole, så ville du snart hatt jobb og bra lønn, du også.

SIVERT Sivilingeniører tjener sjukt mye mer enn elektrikere, da.

GT Ja, det kan hende, men da må du først holde ut alle åra på skolen, en halv evighet du kunne brukt på å leve og ha det fett uten et helvetes jævla studielån bak siste sving, men hver sin lyst. Bare selg du, hvis du føler for å være gåråner. Men vær klar over ... En frivillig gåråner er strengt tatt ikke en råner, bare et stramt fuhøl som ikke veit sitt eget beste ... Men ikke hør på meg, jeg er bare en simpel mekaniker.

Sivert flirer

SIVERT Jeg skal ikke selge kjerra, jeg prøver bare å få deg til å spandere øl på meg i kveld.

Sivert trekker på smilebåndet, og GT slår capsen av Sivert idet han går forbi ham.

GT Jeg må på dass.

GT forsvinner ut av garasjen.

1.1.5 PÅ TUNET FORAN HUSET TIL GT – DAG

GT går fra garasjen mot et bolighus med slitt fasade. Utenfor står det parkert en rekke biler, de fleste gamle, rustne delebiler av ymse slag.

Hagen er stor, men virker mindre på grunn av mye gammelt skrot som ligger slengt rundt på bakken (typisk bygdefenomen). GT forsvinner inn i huset.

Av Linn-Jeanethe Kyed, 2022. Utdrag

Tilfeldig bruk av random

«Språksnakk» er eit radioprogram og ein podkast om språk som er produsert av NRK. Teksten under er eit utdrag frå ein samtale mellom programleiar Klaus Sonstad og Anne Dahl, språkforskar ved NTNU, frå episoden som blei sendt 15.april 2022.

Programleiar: No skal vi starte med eit lite klipp frå TV-serien SKAM, høyr her.

Lydklipp: «Noora, hva handler dette egentlig om? Tror du jeg hadde jobbet så jævlig hardt for å bli sammen med deg, om jeg hadde hatt intensjoner om å ligge med masse randome damer i russetiden? Det er jo helt ulogisk»

Programleiar: Ja, det her var jo eit klipp frå sesong 2 og det er William som ikkje vil ligge med masse *randome* damer i russetida, og det synest eg er bra, all ære til han for det, men poenget her er: Var det tilfeldig at han sa «*randome*», altså brukte ordet «*random*»? Neppe, spør du meg. Eg trur nemleg at det engelske ordet «*random*» er i ferd med å ta fullstendig over for det norske ordet «*tilfeldig*»! Men kven er eg til å påstå det, utan nokon fagleg ballast, og derfor har vi invitert språkforskar ved NTNU, Anne Dahl, til Språksnakk. Velkommen, Anne!

Dahl: Takk skal du ha!

Programleiar: Heile poenget med å få deg hit er for å spørje deg: Er du einig med meg?

Dahl: Hehe. Ja, tja. Tja! Eg er ikkje så sikker på det. Eg trur nok at «*random*» er på veg til å etablere seg som eit ord i norsk, kanskje også på lang sikt. Det er i alle fall veldig vanleg no. Men eg er ikkje overtydd om at det kjem til å erstatte «*tilfeldig*».

Programleiar: Du trur at det vil gå litt meir side om side?

Dahl: Eg trur det. Og det har litt med betydninga av «*random*» å gjøre, i forhold til «*tilfeldig*». I det klippet som vi høyrde her, så er det klart at William like godt kunne sagt at han ikkje vil ligge med nokre «*tilfeldige*» damer, men veldig ofte når vi bruker «*random*» så bruker vi det ikkje heilt i same betydning som vi kunne brukt «*tilfeldig*». For på engelsk har «*random*» ei tyding i tillegg som kan omsetjast best til norsk som «ut av det blå». For eksempel fekk jo eg for nokre veker sidan ei *random* oppringing frå redaksjonen din, om eg ville komme hit og snakke om «*random*». Det var jo ikkje ei *tilfeldig* oppringing. Det var verken tilfeldig at de ringte nokon, og det var ikkje tilfeldig at de ringte akkurat meg, fordi de trudde at eg kunne noko om det. Men for meg, kjentest det litt sånn *random* å bli ringt opp – altså det kom litt «ut av blå» for meg.

Programleiar: Åh ...

Dahl: Ja, så på same måte kan eg for eksempel seie at eg fekk eit *random* spørsmål av ein student. Det var jo truleg ikkje tilfeldig, men det kjentest «ut

av det blå». Så eg trur at viss random skal erstatte noko så er det det her uttrykket: ut av det blå.

Programleiar: Å, ja, for det har eg jo høyrte at ungdommar kan seie, sånn: «Ja, så var ho jo der på kafeen, heilt random».

Dahl: Ja, det er den tydinga eg tenkjer på. For viss vi seier «Ho var heilt tilfeldig på kafeen» så impliserer vi at det faktisk var heilt tilfeldig for den andre personen at ho var der og så vidare, men det treng det ikkje ha vore. Random impliserer at eg synest at det her verka veldig rart og ut av det blå og uventa. Og det betyr det også på engelsk. Og det er nok den hovudtydinga vi har henta inn. Men som William illustrerer, så bruker vi det også i dei tilfella der vi like gjerne kunne brukt «tilfeldig».

Programleiar: Og det er der eg blir nysgjerrig på det du seier, då. For no har eg jo forstått dette med «Ut av det blå», ja, den er eg med på. Men samtidig gjer William dette allereie i 2016: randome damer i russetida. Då utfordrar han jo ordet «tilfeldig»?

Dahl: Ja, absolutt. Og ein kan jo lure på om det kan bli erstatta av «random» på sikt. Men samtidig er det ingen grunn til at vi ikkje skal kunne ha to ord som betyr det same. Det har vi jo massevis av i norsk frå før. Kanskje vi berre har fått eit nytt synonym til «tilfeldig». Det blir mykje brukt av ungdom, og av nokre av oss som er litt eldre. Eg kan absolutt bruke «random» sjølv. Men «random» har ikkje overtatt som fagomgrep, til dømes når eg snakkar om statistikk. Eg er ikkje statistikar, men eg bruker statistikk i jobben og eg ville aldri snakka om «random variasjon» i statistikken min når eg snakkar norsk, då ville eg sagt «tilfeldig variasjon». Eg prata med ein kollega som arbeider med datasystem, og han bruker omgrepet «tilfeldige tall for kryptering», dei brukar framleis omgrepet «tilfeldige tall» for det som på engelsk heiter «Random numbers». Så det har liksom ikkje gjort noko inntog og erstatta «tilfeldig» i meir formell språkbruk. Så hittil er det meir eit uformelt synonym til tilfeldig, som vi av og til vel å bruke, fordi vi kan.

Programleiar: No høyrde vi at William sa det allereie i 2016, det er jo nokre år sidan allereie. Men ikkje så kjempelenge sidan reint språkhistorisk. Så kan eg seie at «random» har kome inn som ei kule i det norske språket?

Dahl: Det kan vi nok godt seie. Eg prøvde å undersøke litt på førehand, om når det kom og så vidare. Og det er jo sjølv sagt veldig vanskeleg å finne ut, det er ikkje nokon som sit og dokumenterer kvart nye ord i norsk. Viss nokon har gjort det, er det i alle fall ikkje tilgjengeleg.

Programleiar: Eller kanskje det ordet berre kom litt sånn random?

Dahl: Haha, ja

Frå [Språksnakk - NRK Radio](#), 2022. Skriftleg versjon ved Udir

Sylvanian Family

Barn kan være så fæle med hverandre, er det mange som sier. Voksne kan være fæle mot barn òg, tenker jeg.

Vi hadde nettopp solgt leiligheten, kjøpt rekkehuset utafor byen. Alt gikk så greit med selve flyttinga. Flyttebyrået klarte alt på én tur, og møblene fant sin plass.

De nye naboene virka greie, kom oss i møte ved postkassestativet da flyttebilen kjørte. Begge para kom ut med hver sin jente mellom seg. Isabell og Lea var like gamle som jenta vår. Vi blei stående ved innkjørselen, småprata om livet i gata. Hvem som bodde her og der, hvor containeren som kom en gang i året og henta hageavfall, pleide å stå, hvilke bær som var giftige. Selv om de så gode ut, var de uspiselige. Jeg spurte om det var noen fine joggeruter i nærheten. Naturen var litt av grunnen til at vi flytta ut av byen. Noe skal man prate om, og vi blei enige om å ta en joggetur, de skulle vise meg noen fine løyper, sa de, men gjorde det aldri. Jentene fløy litt fram og tilbake mellom hagene. Forsvant ned i hverandres kjellerstue, kledde seg ut og lagde hinderløyper i innkjørselen. De hoppa tau og lagde pulver av gatekritt, og jeg kikka ofte ut av vinduet på baderommet, ned på asfalten i oppkjørselen og alle kunstverka som bredte seg utover. Stadig tenkte jeg på hvor fint dette var, hvordan tinga hadde falt så greit på plass, og hvor bra dette kom til å bli. Det var helt til dagen kom da mora til Isabell stakk huet over hekken, sa vi måtte snakke.

– Dattera di slår, sa hun. – Det er ikke greit.

Dattera mi slo om hun ikke fikk bestemme i leken, blei det sagt. Eller om hun ikke fikk leke med den og den tingen.

– Jeg kan se det for meg, sa jeg. – Hun er litt bestemt av seg, beklager det.

Jeg hadde også sett hvordan Isabell og Lea kunne være, men det kunne jeg ikke si. De tre jentene lekte mindre sammen. Dattera mi klarte ikke å lirke seg inn mellom Isabell og Lea. De hadde vært naboer hele livet. Gikk i samme barnehage, dansa ballett sammen og overnatta hos hverandre. Vi prøvde å få det til å funke, men det blei vanskelig, enklere å la det være. Skylda varierte, men dattera mi var jo for alltid den som slo.

Jeg sto i ytterdøra den lørdagen, skulle hente avisa, holdt hånda på dørhåndtaket. Han prøvde å si det med lav stemme, men jeg hørte hvert eneste ord, og det etsa seg fast.

– Isabell, sa han. – Jeg vil heller at du ringer på hos Lea, da blir det ikke så mye styr og greier, det orker jeg ikke.

Det stakk og prikket i meg. Etter dette kunne jeg ikke se ham i øya. Ikke dattera mi heller, når hun ville leke med Isabell og Lea. Hver gang de andre barna løp rundt bilen vår med de dumme kjepphestene, stilte jeg meg i vinduet. Jeg stirra på dem til de gikk et annet sted. Jeg gikk i krigen for dattera mi, en krig hun ikke kjente til. Jeg blei barnaktig selv, begynte å si hei! demonstrativt høyt når Isabell og Lea løp forbi uten å hilse. De dumme rulleskoa, de rosa syklene deres med kurv og plastblomster. Kjepphestene og de horete utkleddningsklærne. De dumme foreldra med trampoliner og tilhengere med hjemmesnekra karmar, terrakottapottene med chili utover den trykkimpregnerte platinga og det dumme snakket dem imellom over svartsurbærhekken.

Dattera mi merka det, hun òg, at ting blei annerledes. Isabell og Lea kunne ringe på døra bare for å si at de skulle bort i helga og ikke kunne leke med henne.

– Barn er sånn, sa kona mi.

Jeg ga dattera mi is på Texaco. Vi lagde lørdagspizza på en tirsdag. Vi lekte i skolegården, bare hun og jeg. Eller gikk tur i skogen med Kvikk Lunsj og kakao. Om sommeren dro vi på stranda. Jeg lagde sandslott til henne, svære og fine med vollgraver og kanaler og ekte små kakeflagg på borgtårna. Jeg begravde henne. Bare det lille ansiktet hennes titta fram, ville skåne henne for utenforskapet, tok henne med på alt hun både ville og ikke ville være med på. Til slutt var jeg ikke sikker på om jeg holdt henne unna for hennes del eller min, og en gang sa hun til meg at hun ikke trodde jeg ville hun skulle leke med Isabell og Lea. Jeg holdt på å si at det var omvendt, – *ser du ikke det!* Siden hun slo en gang, for lenge sida. Det eneste jeg klarte å svare, var bare at det er fint å ha flere lekekamerater, men hun hadde jo ikke rukket å bli kjent med andre. Hun blei stående på halvdistanse, mellom følelsene mine som dro henne bort fra nabojentene, og sitt eget ønske, instinkt, om å være med dem. Gjennom hekken så hun Isabell og Lea sitte på det svære teppet og leke med *Sylvanian Family*-huset, og denne glaninga hennes gjorde at jeg fant på ting hun og jeg kunne gjøre utafør huset. Krabbefiske og sykkelturer, lange kafébesøk. Alt fordi jeg var redd for at hun skulle skjønne at hun blei stengt ute.

Krabbesnøret lå slakt på overflata, vi fikk ingen krabber. Siden lærte jeg at krabbene først kommer seinere på våren, i april.

– Skal vi invitere nabojentene på filmkveld? spurte jeg dattera mi. – Vi kjøper masse popcorn, sa jeg og reiste meg fra bryggekannten. – Og brus og godteri.

Hun reagerte med det største smilet, det jeg nesten hadde glemt hvordan så ut.

Vi dro opp snøret, tømte bøtta for saltvann, pakka sekken. – Løp og ring på når vi kommer hjem, sa jeg. – Spør dem om det passer.

– Når da? spurte hun.

– I kveld! svarte jeg.

Hun kom slukøra tilbake, dro av seg de skeivgatte skoa, hengte opp jakka. Hun trengte ikke si noe. Jeg rigga til et spill på spisebordet, hun fikla med timeglasset, kikka på bollen med popcorn.

– Når timeglasset er ute, dør noen et sted i verden, sa hun.

Så gikk vi i skogen. Fulgte nettverket av småbekker, staket opp osene der kvist hadde samla seg, lot vannet renne videre mot de små tjerna. Vi lot skålene med popcorn være, den dumme girlandereren hang bare der i døråpninga inn til TV-stua. De nyinnkjøpte pynteputene fra Nille kasta jeg da jeg gikk ut med søpla.

Vi satte oss til på et høydedrag og kikka utover det myrlendte terrenget. De døde trestammene som blei stående på trass. Hun mente de ligna på støttenner som stakk opp av jorda. Sola traff så vidt den ene fjellsida på Måna. Kikka vi lenge nok, skimta vi skyggene som bevega seg. – Smuler av sol, sa hun og pekte.

Vinddraga la myrulla flat og frøtung, og det risla i bladene bort gjennom skogen. Hun var forsiktig med den nye speiderkniven. Regnbuksa gniksa mot den tørre lyngen, og med de jevne, lange draga med knivbladet flerra hun av bark på en pinne.

Jeg spurte hva hun tenkte på, og hun svarte at hun elska meg helt inn til hjertet, og at skogen og trærne og myra sang for oss, og at det ikke gjorde noe at nabojentene ikke kunne komme på filmkveld likevel.

– Men, pappa, sa hun nølende. – Jeg vil ikke at du skal bli lei deg, men de synes du er skummel, at du er streng.

Jeg så at det kosta henne noe å si dette, at hun kvia seg, men likevel gjorde det. Hun blei plutselig stor der hun satt konsentrert med speiderkniven.

– Du, sa hun. – Tror du det finnes flere blader enn barnåler her i verden?

Av Mikkel Vika, i samlinga *Til hundene*, 2022

Sylvanian Family: Fløyelsaktige og myke lekefigurer som forestiller ulike dyr i den idylliske landsbyen Sylvania/Fløyelsaktige og mjuke lekefigurar som førestiller ulike dyr i den idylliske landsbyen Sylvania

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!